

## Høyringsuttale RME Høringsdokument 1.2024

Etter å ha lese høyringsdokumentet om endring av « inntektsreguleringen» kostnadsdekking ved tidleg utredning og økt inntekt ved tilknytning av nye kunder og tilbyr meir kapasitet. Finn eg at det framleis manglar klare insentiv for nettselskapa til å gjere investeringar i nettet.

Ein må for all del ikkje vere i forkant med investeringar i nettet, då får ein ikkje betalt for dei , når kunden etterspør effekt. Utan først ein kunde ikkje inntekt for nettinvestering. Det svarar seg heller ikkje å ta med meir effekt enn det kunden ynskjer. Ein risikerer å brenna inne med denne og ikkje få betalt , jamfør 10 års regelen. Då er det betre å byggje akkurat og heller belaste neste kunde sjølv om den totale kostnaden vert dobbel så stor. Det går jo ikkje ut over nettselskapet, i motsetning til om ein tek med framtidig forventa forbruk i investeringa.

Elbits sitt arbeid med Nasjonal tilknytingsportal som vart presentert av Åste Einn på Energikonferansen , synte at av alle dei som jobba med tilknytningar i nettselskapa så hadde 80 % arbeid med dette i mindre enn to år. Dette syner at desse oppgåvene har låg status i nettselskapa og behandlinga vert tilfeldig og varierende. Dersom desse då vert formana med RME sitt regelverk og vert oppmoda om at ein ikkje skal gjere investeringar som ein «tapar» berre gjer det kunden etterspør , så kjem ein klart bakpå. Noko som tydeleg er situasjonen no i når me skriv sept 2024 og snart er halvvegs til 2030. Det må då heilt andre insentiv til for nettselskapa. Det må lønna seg å investera i nett og det må vere ei prioritert oppgåve for nettselskapa å framskaffe ny effekt.

Då er det to viktige ting som må på plass tenkjer eg.

1. Nettselskapa må få betalt for effekt uansett kva tid og til kven den er bygd ut. Det må då setjast ein pris på effekt som kunden betalar , først ein del ved bestilling , og så resten ved tilknytning. For eksempel 2000 kr/KW. Der ein betalar inn halvparten ved bestilling og resten ved tilknytning. Dersom ein ikkje nyttar den bestilte effekten, eller at ein ikkje kan dokumentere framdrift i prosjektet og andre ynskjer denne , så kan dei overta mot å betale , og førstnemnde får refundert grunnbetalinga. Dette må sjåast på som ei grunnbetaling, dersom framføringa kostar meir enn det som vert kravd inn her , så vert det belasta kunden , anten som vanleg anleggsbidrasberekning. Der «effektbetalinga» vert trekt frå. Eller med eit utjamnande ledd der kunden betalar det som overstig f.eks 1,5 x effektavgifta. Poenget er at nettselskapa uansett får inntekt av tilknytt effekt som dei igjen kan investere i nettet.

2. Nettselskapa må få lov til å investere å eige batteri i eige nett. Slik at dei raskt kan tilby auka effekt i områder som krev kapasitetsauke og nettinvesteringar. Dette bidra til at kundar kan knyte seg til raskare , og at nettet kan byggjast ut i etterkant. Men nettselskapet får uansett inntekta som då kan nyttast i etterkant. Slik er et ikkje mogeleg å gjere det i dag. Kva så med kraft inn og ut frå batteriet, det er jo då kraftomsetning ? Her må ein sjå etter løysingar. Kanskje sjå på det inn under nettap, der nettselskapet får høve til å redusere nettapet, gjennom bruk av batteri. Eller at dei må setje ut omsetninga på batteriet til annan aktør. Då kan det verte konflikt kva tid batteriet vert brukt styrt etter marknadspris , eller effektbehov. Uansett så må dette gå å løyse på eit vis.

Dette er to grep som kan gi eit stort bidrag til samfunnet sitt behov om å skaffe fram effekt til elektrifisering og ny industri. Det er jo p.t fullt i nettet mange stader. Ein får ikkje tilknytt forbrukarar, ein klarer heller ikkje sortere i reelle eller opportunistiske forespørslar. Bedrifter som melder inn forbruk mange stader for å shoppe der ein slepp betale. Skal nettselskapa ha sjans til å møte forventningane i samfunnet og behovet for å gjere ny kraft tilgjengeleg, så må NVE/RME våge å tenkje nytt og utanfor «boksen» som består av meir enn 30 år med regulering for å få nettselskapa til å investere mist mogeleg i nett, for å skåne nettkundane for høgare nettleige. Den kjem no uansett , ser me. Men det er greitt om dei som faktisk tek i bruk ny effekt og bidreg til nettet. Slik at det ikkje berre er eksisterande kundar som får rekninga.

Helsing

Lars Enes

Tidlegare Nettesjef/elverksjef